



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå møte i Ulstein sokneråd

Tid: 08.05.2024 kl. 19:00

Stad: Kyrkjekontoret

Desse var til stades:

| | |
|---------------------------------|-----------------------|
| Odd Arne Vikebakk | Leiar |
| Silje Kiperberg Aksnes | Medlem |
| Linda Hasund | Medlem |
| Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth | Medlem |
| Berge Myrene | Medlem |
| Ingrid Redse Mjaaseth | Medlem |
| Janne Fylsvik Rønningen | 3. vara |
| Mali Åm | 5. vara |
| Stian Skorgen Scheide | kommunal representant |
| Christfried Kaul | sekretær |

Forfall

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Cecilie Frantsen Skeide | Medlem |
| Øyvind Grimstad Hagen | Medlem |
| Beate Hopland Langnes | 1. vara |
| Monica Leine Tokheim | 2. vara |
| Margit Lovise Holte | geistleg representant |

Godkjenningar:

| | |
|------------------------------------|----------|
| Innkalling til møtet | godkjend |
| Saklista til møtet: | godkjend |
| Protokoll siste møte (10.04.2024): | godkjend |

Sakliste:

| Saksnr | § | Sakstittel | Arkivnummer |
|-----------|---|--|-------------|
| F-2024/15 | | 10- årig investeringsplan Ulstein kommune | |
| F-2024/16 | | Revidert budsjett 2024 | |
| F-2024/17 | | Endringar på gravfelt og etablering av namna minnelund på Osnes kyrkjegard | |
| S-2024/18 | | Konsert og kulturarrangement som inntektskjelde for Ulstein sokn | |

Meldingar:

S013 Referat frå utval

Vedlegg: Referat

Vedlikehaldsutval: dukene, servietter – Linda Hasund har renska dei og levert tilbake, Alterduken skal stellast i sommar teppe i midtgangen

Undervisningsutval: er i gang med revisjon av trusopplæringsplan

S014 Julekonsert med Mosaic

Koret Mosaic ønskjer å ha julekonsert i Ulstein kyrkje 29. november. Om rammene for konserten skriv dei:

Vi i styret har jobbet litt med årets modell og det blir nok noe i denne duren: Vi ser for oss å ta all økonomisk risiko, og da alle billettinntekter. Vi trenger ikke overnatting (mange sunnmøringer i koret som huser!), men det hadde vært flott om vi kunne fått noe mat. Jeg skal avklare med styret om alle detaljer er klare, så kan jeg sende over betingelsene i kontrakt-format så snart den er klar!

Kommentar: Vi må i alle fall ha minsteleige for kyrkja (kr. 3.000) for å ha noko igjen frå konserten og for å dekke kostnadene med kveldsmat.

Ulsteinvik, den 22.05.2024

| | |
|-------------------|------------------|
| Odd Arne Vikebakk | Christfried Kaul |
| Leiar | Sekretær |

F-SAK 2024/15 10- årig investeringsplan Ulstein kommune

UTGREIING

Vedlegg: *Framdriftsplan 10-årig investeringsplan*
Omarbeidt prosjekt Ulstein nye kyrkje (2022)
Kostnadskalkyle omarbeidt prosjekt (2022)
Presentasjon av finansieringsplan for Ulstein nye kyrkje (2023)
Utskrift av investeringstiltak meldt inn gjennom Framsikt (blir ettersendt)

Ulstein nye kyrkje

Ulstein kommune skal på våren 2024 handsame 10-årig investeringsplan på nytt.

Det er første gong det nye kommunestyret vil teke stilling og gjere sine vurderingar for investeringane Ulstein kommune skal prioritere dei neste 10 år.

Det er eit mål for Ulstein sokn at Ulstein nye kyrkje får plass i denne investeringsplanen og blir prioritert slik at ein kan sjå fram mot ei realisering med eit estimert oppstartstidspunkt. Prosjektet er komen til eit punkt der det ikkje er rom for nedskjæringar utan å forlate intensjonane med konseptet.

Prosjektet vil bli lagt inn i investeringstiltakssystemet Framsikt i Ulstein kommune som ein fornya søknad på grunnlag av tidlegare søknad.

Prosjektet er redusert til kr. 89,5 MNOK (2017- kroner). Investeringsramma var i 2023 på 112 MNOK.

Fornyng av audiovisuelt utstyr i Ulstein kyrkje

Både lydanlegget og projektorane i Ulstein kyrkje begynner å få feil som påverkar lyd- og bildekvaliteten i Ulstein kyrkje. Miksepult og projektorane er over 10 år gamle og er utdaterte i forhold til det som trengst for å kunne tilby god kvalitet på samlingane i kyrkja.

God bilde- og lydkvalitet er viktige for ei tilstrekkeleg universell utforming som i utgangspunkt er krevjande i dette kyrkjebygget. Ei fornyng vil kunne kompensere for nokre av ulempa.

Saman med miksepulten og nye prosjektørar må det også bli lagt nye leidningar. Dette er ei krevjande prosedyre i ei listeført kyrkje, der vi må sørge for at inngrep i bygningskroppen er minimalt, og i tråd med riksantikvaren sine retningslinjer for listeførte kyrkjebygg.

Budsjett: 2 Projektorar kr. 80.000; 2 nye og større motoriserte lerret: kr. 30.000; ny HDMI-switch kr. 20.000; nye HDMI- ledninger kr. 10.000

Samla prosjekt projektorar: Kr. 140.000

Budsjett: Miksepult: 240.000; nye komponenter til lydanlegg kr. 90.000; løysing for installasjon av komponenter i tråd med kyrkjerommets estetikk, kr. 30.000

Samla prosjekt lydanlegg: kr. 360.000

Samla investering: kr. 625.000 (inkl. mva)

Søknad i Framsikt på kr. 500.000 (inkl. mva.) Ubunde fondsmidlar frå soknet som eigenandel: kr. 125.000

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd leverer 2 søknader til Ulstein kommune sin 10-årige investeringsplan:

1. Ulstein nye kyrkje. Kostnadsramme 112 MNOK Oppstart i 2027
2. Fornyng av audiovisuelt utstyr i Ulstein kyrkje, 0,5 MNOK. Oppstart i 2025

HANDSAMING

Kyrkjeverje la fram ei oversikt med tiltak som er innvilga, søkt om og som er nye til å søkje om.

Det er realisering av Ulstein nye kyrkje som har høgast prioritet for Ulstein sokn. Det er derimot krevjande å setje opp eit slikt stort investeringsprosjekt mot andre tiltak som også er

viktige å få gjennomført.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har difor valt å setje prioritet 1 også på andre prosjekt. Nærmare omtale av tiltak i vedlegget.

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd sett realisering av Ulstein nye kyrkje med høgast prioritet for Ulstein sokn. Det er krevjande å setje opp eit slikt stort investeringstiltak mot andre tiltak som også er viktige å få gjennomført. Ulstein kyrkjelege fellesråd melder inn følgjande tiltak i langtidsplan for investeringar i Ulstein kommune:

Ulstein nye kyrkje: høgast prioritet. Oppstart: 2027 / 2028

Ombygging av våpenhuset (delvis tildelt allereie) prioritet 1, Oppstart 2024

Audiovisuelt utstyr prioritet 1, Oppstart 2025

Trefelling: prioritet 2, Oppstart 2026

Ringeanlegg: prioritet 3 Oppstart 2025

Isolering driftsbygget 4 Oppstart 2026

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber administrasjon om å greie ut isolering av driftsbygget kan bli gjennomført gjennom dugnadsarbeid.

Ulstein kyrkjelege fellesråd sender liste med investeringstiltak inkl. omtale over til kommuneadministrasjonen for å få meldt desse inn i Ulstein kommune sin langtidsplan for investeringer.

F-SAK 2024/16 Revidert budsjett 2024

UTGREIING

Vedlegg: Samandrag revidert budsjett 2024 med budsjett 2024 og rekneskap 2023
Brev frå prosten i Søre Sunnmøre om den økonomiske situasjonen i
Den norske kyrkja
Tildelingstabell kateket- og diakonstillingar i Møre bispedøme
Tildelingstabell trusopplæring i Møre bispedøme
Rekneskapsrapport 1. kvartal 2024 (blir ettersendt)

Rekneskapen i 2022 viste eit meirforbruk på kr. 330.303. Rekneskapsåret. Trass i eit stramt budsjett klarte vi ikkje å dekke inn meirforbruket i rekneskapsåret 2023. Rekneskapsåret 2023 viste eit meirforbruk på kr. 160.291. Til saman er det eit meirforbruk på kr. 490.594 som skal dekkast inn gjennom drift i 2024.

Driftsbudsjett 2024, som er laga hausten 2023, og vedtatt i Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd i sak F-20234/01 i møtet 17.01.2024 tek ikkje høgde for inndekking av meirforbruket i 2024 sidan rekneskapen for 2023 ikkje låg føre.

Dersom det ikkje lukkast med å dekke inn fjorårets meirforbruk i 2024, må det brukast midlar frå disposisjonsfondet for å balansere rekneskapen. Ulstein sokn har eit disposisjonsfond på kr. 1.448.431. Disposisjonsfondet er bygget opp over tid og tidlegare sokneråd har sett av tidlegare mindreforbruk til ulike formål. Desse midlar står på disposisjonsfond per 31.12.2023:

| | |
|---|----------|
| Disposisjonsfond (ikkje sett av til formål) | -467 491 |
| Ubunde fond - Lydanlegg Ulstein kyrkje | -260 486 |
| Ubunde fond - Musikk barn og unge | -30 000 |
| Ubunde fond - Diakonalt arbeid | -109 350 |
| Ubunde fond - Automatisk ringeanlegg | -180 000 |
| Ubunde fond - Ulstein nye kyrkje | -364 065 |
| Ubunde fond - Kyrkjemusikalsk arbeid | -37 039 |

Men rekneskapsteknisk er alle desse avsetningar del av eit disposisjonsfond som må takast i bruk for å dekke meirforbruket, dersom det skulle vere naudsynt. Det vil si at midlar i disposisjonsfond som er satt av til andre formål kan stå i fare for å måtte bli brukt for dekking av meirforbruket. Midlar i disposisjonsfondet kan kunn brukast til ønskelege formål, når det ikkje er eit meirforbruk frå tidlegare år som skal dekkast inn.

Med tanke på dekking av tidlegare års meirforbruk er budsjettsituasjonen er krevjande, sjølv om Ulstein sokn har fått ei fornya og føreseieleg rammeavtale med Ulstein kommune for årene 2024 – 2027.

Budsjett og rekneskap er bygget opp med ulike ansvarsområde som har ulik finansiering for drift på desse område.

Både i rekneskap 2022 og 2023 og vedtatt budsjett for 2024 har det ikkje lukkast med å få ansvarsområde 4100 (undervisning), 4110 (trusopplæring) og 4200 (diakoni) i balanse. Tilskotet frå Den norske kyrkja på stillingane har ikkje auka i tråd med lønskostnadene. Stillingane har blitt i større grad underfinansierte. Tildelinga for 2024 forsterker denne trenden.

Frå rekneskap 2023:

På undervisning og diakoni får vi eit kompetansetilskot frå bispedømerådet som skal utgjere 50% av stillingskostnadene. Kommunen står for dei andre 50%. I praksis dekker tilskotet frå bispekontoret ikkje 50%. Stillingane var til saman underfinansiert i 2023 med kr. 140.579 frå dette tilskotet.

For trusopplæringa får vi eit aktivitetstilskot som Ulstein sokneråd disponerer heilt fritt. For å knyte til oss god kvalifisert personal har soknerådet valt å tilsette ein kyrkjelydspedagog i 100%. Stillingen er underfinansiert med kr. 197.449 gjennom trusopplæringstilskot. Stillingane var underfinansiert med kr. 338.028

Samanstilling av underfinansiering i stillingane i ansvarsområde 4100, 4110 og 4200 for årene 2022 og 2023, budsjett 2024 og revidert budsjett 2024:

| | 4100 – Kyrkjeleg undervisning | 4110 – Trusopplæring | 4200 – Diakoni |
|--------------------|-------------------------------|----------------------|----------------|
| Rekneskap 2022* | -40.505 | -6.727 | - 3.427 |
| Rekneskap 2023 | 87.913 | 197.449 | 52.666 |
| Budsjett 2024** | 96.232 | 170.940 | 272 |
| Rev. budsjett 2024 | 123.322 | 190.940 | 27.272 |

* Det var vakanse grunna sjukdom og permisjon i kateket-, diakonstilling og i trusopplæringsstillinga. Utan desse hadde det også vore ei underfinansiering på stillingane i 2022.

** Estimat for tilskot frå Den norske kyrkja viste seg å vere for høg i budsjett 2024.

Samla underfinansiering på stillingane i revidert budsjett 2024: kr. 341.534

Meirforbruket i ansvarsområde 4100, 4110 og 4200 ligg i al hovudsak i stillingane.

Innsparingspotensialet på området for andre kostnader er veldig liten. Det er også få muligheter for å auke inntening på desse område.

Underfinansiering på undervisning, trusopplæring og diakoni må dekkast inn gjennom eit mindreforbruk på andre ansvarsområde, eller gjennom innsamla midlar.

Dersom soknerådet vel å dekke dette meirforbruket gjennom innsamla midlar, trengst det ei innsamlingskampanje i langt større stil enn soknerådet har prøvd tidlegare.

Kyrkjeverja foreslår følgjande innsparingar / endringar i eit revidert budsjettet:

Ansvarsområde 1000 – Administrasjon

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--------------------------------------|------------------------|
| Matvarer og servering | 16.500 | -2.500 | Bruke mindre | 14.000 |
| Porto | 20.000 | -7.000 | Må finne andre kommunikasjonskanaler | 13.000 |
| Straum | 31.000 | -18.000 | (i 2023: kr. 9.460) | 13.000 |
| Annonsering | 40.300 | -7.000 | Bruke mindre | 33.300 |
| Opplæring / kurs | 41.000 | -28.000 | Avlyst stiftsdagar | 13.000 |
| Reise | 13.000 | -10.000 | Avlyst stiftsdagar | 3.000 |
| Oppgradering kontorlokale | 12.500 | -7.500 | Bruke mindre | 5.000 |
| | | | | |
| Sum Innsparing | | -85.000 | | |

Ansvarsområde 2000 – Kyrkja

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Forbruksmateriell | 65.000 | -5.000 | Stort lager med lys på loftet, kjøpe litt mindre i 2024 | 60.000 |
| Opplæring / kurs | 2.000 | 9.000 | Kyrkjetenarskule – allereie satt i gang | 11.000 |
| Straum | 80.000 | -40.000 | (i 2023: kr. 20.617) | 40.000 |
| Forsikring | 43000 | -11.000 | (i 2023: kr. 31.022) | 32.000 |
| Inventar | 74.900 | -4.900 | Prosjektor / lydanlegg | 70.000 |
| | | | | |
| Sum Innsparing | | -41.900 | | |

Ansvarsområde 3000 – Kyrkjegardsdrift

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Forbruksmateriell | 0 | 12.500 | Blomster til gravstell – feil kontert | 12.500 |
| Anna forbruksmateriell | 25.500 | -20.500 | | 5.000 |
| Opplæring / kurs | 2.000 | 9.000 | Kyrkjetenarskule – allereie satt i gang | 11.000 |
| Reise | 24.500 | -10.000 | Ingen avsetning til ny bil | 14.500 |
| Porto | 0 | 4.200 | Låg under administrasjon | 4.200 |
| Telefon | 2.000 | 1.000 | Digital arbeidsplass kyrkjegård | 3.000 |
| Straum | 24.500 | -14.500 | (i 2023: kr. 7.213) | 10.000 |
| Forsikring | 24.500 | -12.000 | (i 2023: kr. 12.097) | 12.500 |
| Avgifter, lisenser og gebyr | 24.500 | 20.000 | (i 2023: kr. 42.557) | 44.500 |
| Inventar og utstyr | 18.000 | 20.000 | Digital arbeidsplass på kyrkjegården | 38.000 |
| Felling av tre | 40.000 | -40.000 | Utsatt prosjekt | 0 |
| Serviceavtaler, reparasjon | 69.500 | -13.000 | innsparing | 56.500 |
| Materialer og vedlikehald | 35.650 | -14.000 | Feil postert blomar til gravstell, innsparing | 21.650 |
| | | | | |
| Sum Innsparing | | -51.800 | | |

Ansvarsområde 4100 – Kyrkjeleg undervisning

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Betaling frå deltakar | 202.000 | -6.000 | Feil konfirmantkontingent i budsjett 2024 | 12.500 |
| | | | | |
| Sum Innsparing | | -6.000 | | |

Ansvarsområde 4110 – Trusopplæring

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--|------------------------|
| Kurs og opplæring | 5.000 | -5.000 | Ingen deltaking på trusopplæringskonferanse i 2024 | 0 |
| Undervisningsmateriell | 35.000 | -900 | Utgått 1 års- helsing | 34.100 |
| Sum Innsparing | | -5.900 | | |

Ansvarsområde 4200 – Diakoni

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|-----------|------------------------|
| | | | | |
| Sum Innsparing | | 0 | | |

Ansvarsområde 4210 – Byggekllossen open barnehage

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|-----------|------------------------|
| | | | | |
| Sum Innsparing | | 0 | | |

Ansvarsområde 4300 – Kyrkjemusikk

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--|------------------------|
| Matvarer | 8.500 | -3.500 | Servere enklare | 5000 |
| Reise | 21.400 | -8.000 | Bruk kunn lokale musikarar på Julenattineen | 13.400 |
| Honorar | 179.000 | -80.000 | Satsing på klassisk utgår i 2024 (-50.000) Mindre honorar Julenattiné (-30.000) | 99.000 |
| Inventar og utstyr | 14.000 | -4.000 | innsparing | 10.000 |
| Preludering | -23.700 | 23.700 | Vedtak at i SR 2023 at det skal vere gratis | 0 |
| Billettinntekter | -231.000 | -2.500 | Auke i pris Jazz & Koral (lik 2023) | -233.500 |
| Gåver | -10.000 | 5.000 | Mindre arrangement med kollekt | -5.000 |
| Sum Innsparing | | -69.300 | | |

Ansvarsområde 4400 – Anna arbeid (ungdomsarbeid)

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Løn (2,5%) | 17.874 | -17.874 | Ungdomsarbeiderengasjementet er lagt til vikarstilling for sekretær | 0 |
| engasjement | 45.000 | -45.000 | Utgår i 2024 | 0 |
| Gjevarteneste | -66.500 | 5.000 | | -61.500 |
| Sum Innsparing | | -57.874 | | |

Saman med underfinansiering av stillingane i område 4100, 4110, 4200 utgjør desse kutt / endringane ei innsparing på kr. 187.329.

Det er langt ifrå nok til å dekke inn tidlegare års meirforbruk, men vil sette økonomien til Ulstein sokn på rett kurs. Det er fråmleis kr. 303.265 som må takast frå dispensasjonsfondet for å ha eit budsjett i balanse.

Dersom Ulstein sokneråd ønskjer å dekke inn meir av meirforbruket frå tidlegare år ser kyrkjeverja følgjande muligheiter:

1. utsette fornying av teknisk utstyr i kyrkje – alternativt finne sponsorar kr. 70.000
2. redusere sekretærstilling med ca. 15% i permisjonsperioden til sekretæren kr. 111.128
Dette vil gjere det naudsynt å gjere endringar i arbeidsoppgåvene til andre tilsette slik at dei kan overta nokre av sekretær oppgåvene. Det vil gå på bekostning av tenestetilbod
3. Igangsetting av ei storstilt gjevarteneste for barne- og ungdomsarbeid kr. 150.000 & kyrkjeleg undervisning. Dette i tillegg til ei auke i gjevarteneste som allereie ligg i budsjett, men som ikkje er sett i gang.

Samla sum for desse økonomiske grep: kr. 331.128

Saman med budsjettendringane over vil det utgjere eit mogleg minderforbruk på **kr. 518.457**. Dette vil vere nok til å dekke inn tidlegare års meirforbruk (kr. 490.594) i budsjettår 2024.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek innsparingar som er foreslegne av kyrkjeverja.

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek bruken av disposisjonsfond på kr. 300.000 for å dekke inn tidlegare års meirforbruk.

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek revidert budsjett slik det ligg føre.

HANDSAMING

Tiltak: vente med teknisk fornying

Tiltak: reduksjon av sekretærstilling 15%

Tiltak: auke av konfirmantkontingent (frå 2025 av) til 2500 (følgje kostnadsutvikling)

Det er nokre reknefeil og dobbelføringer i oversikt over innsparingstiltak. Desse gir ikkje så store endringar at dei vil påverke prinsippet i innsparingstiltak, men dei skal korrigerast.

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd stryker post fornying av lydanlegg, kr. 70.000 frå budsjett

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek redusert vikarbruk for sekretærstilling med 15% for 2024

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek konfirmantkontingent for 2025 på kr. 2.500

Ulstein sokneråd / kyrkjelege fellesråd har vedtatt følgjande innsparingar / endringar i revidert budsjettet:

Ansvarsområde 1000 – Administrasjon

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--------------------------------------|------------------------|
| Matvarer og servering | 16 500 | -2 500 | Bruke mindre | 14 000 |
| Porto | 20 000 | -7 000 | Må finne andre kommunikasjonskanaler | 13 000 |
| Straum | 31 000 | -18 000 | (i 2023: kr. 9.460) | 13 000 |
| Annonsering | 40 300 | -7 000 | Bruke mindre | 33 300 |

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

| | | | | |
|---------------------------|--------|----------------|--------------------|--------|
| Opplæring / kurs | 41 000 | -28 000 | Avlyst stiftsdagar | 13 000 |
| Reise | 13 000 | -10 000 | Avlyst stiftsdagar | 3 000 |
| Oppgradering kontorlokale | 12 500 | -7 500 | Bruke mindre | 5 000 |
| Sum Innsparing | | -80 000 | | |

Ansvarsområde 2000 – Kyrkja

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Forbruksmateriell | 6 500 | -500 | Stort lager med lys på loftet, kjøpe litt mindre i 2024 | 6 000 |
| Opplæring / kurs | 2 000 | 9 000 | Kyrkjetenarskule – allereie satt i gang | 11 000 |
| Straum | 80 000 | -40 000 | (i 2023: kr. 20.617) | 40 000 |
| Forsikring | 43 000 | -11 000 | (i 2023: kr. 31.022) | 32 000 |
| Inventar | 74 900 | -70 000 | Prosjektor / lydanlegg | 4 900 |
| Sum Innsparing | | -111 500 | | |

Ansvarsområde 3000 – Kyrkjegardsdrift

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--|------------------------|
| Forbruksmateriell | 0 | 12 500 | Blomster til gravstell – feil kontert | 12 500 |
| Anna forbruksmateriell | 25 500 | -20 500 | innsparing | 5 000 |
| Opplæring / kurs | 2 000 | 9 000 | Kyrkjegårdsarbeiderkurs «Å møte menneske» | 11 000 |
| Reise | 24 500 | -10 000 | Ingen avsetning til ny bil | 14 500 |
| Porto | 0 | 4 200 | Låg under administrasjon | 4 200 |
| Telefon | 2 000 | 1 000 | Digital arbeidsplass kyrkjegård | 3 000 |
| Straum | 24 500 | -14 500 | (i 2023: kr. 7.213) | 10 000 |
| Forsikring | 24 500 | -12 000 | (i 2023: kr. 12.097) | 12 500 |
| Avgifter, lisenser og gebyr | 24 500 | 2 000 | (i 2023: kr. 42.557) | 26 500 |
| Inventar og utstyr | 18 000 | 20 000 | Digital arbeidsplass på kyrkjegården | 38 000 |
| Felling av tre | 40 000 | -40 000 | Utsatt prosjekt | 0 |
| Serviceavtaler, reparasjon | 69 500 | -13 000 | innsparing | 56 500 |
| Materialer og vedlikehald | 35 650 | -14 000 | Feil kontert blommar til gravstell, innsparing | 21 650 |
| Sum Innsparing | | -75 300 | | |

Ansvarsområde 4100 – Kyrkjeleg undervisning

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Betaling frå deltakar | 202 000 | -6 000 | Feil konfirmantkontingent i budsjett 2024 | 196 000 |
| Sum Innsparing | | -6 000 | | |

Ansvarsområde 4110 – Trusopplæring

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|-----------|------------------------|
| | | | | |

| | | | | |
|------------------------|--------|---------------|--|--------|
| Kurs og opplæring | 5 000 | -5 000 | Ingen deltaking på trusopplæringskonferanse i 2024 | 0 |
| Undervisningsmateriell | 35 000 | -900 | Utgått 1års- helsing | 34 100 |
| Sum Innsparing | | -5 900 | | |

Ansvarsområde 4200 – Diakoni

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|-----------|------------------------|
| Sum Innsparing | | 0 | | |

Ansvarsområde 4210 – Byggekllossen open barnehage

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|-----------|------------------------|
| Sum Innsparing | | 0 | | |

Ansvarsområde 4300 – Kyrkjemusikk

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|--|------------------------|
| Matvarer | 8 500 | -3 500 | Servere enklare | 5 000 |
| Reise | 21 400 | -8 000 | Bruk kunn lokale musikarar på Julenattineen | 13 400 |
| Honorar | 179 000 | -80 000 | Satsing på klassisk utgår i 2024 (-50.000) Mindre honorar Julenattiné (-30.000) | 99 000 |
| Inventar og utstyr | 14 000 | -4 000 | innsparing | 10 000 |
| Preludering | -23 700 | 23 700 | Vedtak at i SR 2023 at det skal vere gratis | |
| Billettinntekter | -231 000 | -2 500 | Auke i pris Jazz & Koral (lik 2023) | -233 500 |
| Gåver | -10 000 | 5 000 | Mindre arrangement med kollekt | -5 000 |
| Sum Innsparing | | -69 300 | | |

Ansvarsområde 4400 – Anna arbeid (ungdomsarbeid)

| Poster med innsparing / endring | Budsjett 2024 | Innsparing / endring | kommentar | Revidert budsjett 2024 |
|---------------------------------|---------------|----------------------|---|------------------------|
| Løn (2,5%) | 17 874 | -17 874 | Ungdomsarbeiderengasjementet er lagt til vikarstilling for sekretær | 0 |
| engasjement | 45 000 | -45 000 | Utgår i 2024 | 0 |
| Gjevarteneste | -66 500 | 5 000 | | -61 500 |
| Sum Innsparing | | -57 874 | | |

Samla innsparing: **kr. 406 875**

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek revidert budsjett slik det ligg føre.

F-SAK 2024/17 Endringar på gravfelt og etablering av namna minnelund på Osnes kyrkjegard

UTGREIING

Vedlegg: *sjekklister frå Statsforvalteren i Vestfold og Telemark for etablering av namna minnelund*
Vedtekter for gravplassene i Ulstein kommune
skisse til gravkart

Omregulering av eksisterande gravfelt

Det er ein aktiv gravplass i Ulstein kommune – Ulstein kyrkjegard. Det er behov for å legge betre til rette for kremasjon og gravlegging i urne. I tett samarbeid med kommuneleiinga har Ulstein kyrkjelege fellesråd drøfta muligheiter for å etablere namna minnelund og urnegravfelt på Ulstein kyrkjegard. Vedtektene er endra i 2022 og godkjent av Statsforvalter i 2023. Desse tek høgde for etablering av namna minnelund og urnegravfelt. Ulstein kommune har bevilga investeringsmidlar på kr. 760.000 til etablering av namna minnelund. Ulstein kyrkjegard blei sist utvida i 2011. Det er 2 gravfelt, regulert til kistegraver og 3 rader av eit gravfelt, regulert til kistegraver som ikkje er teken i bruk.

Eit gravfelt (J), som ikkje er teken i bruk, med ein kapasitet på 70 kistegraver, ønskjer vi å omregulere til urnegraver. Dette vil kunne gi 140 urnegraver med plass opptil 4 urner i kvar grav.

Tre rader på eit gravfelt (I), som ikkje er teken i bruk, med ein kapasitet til 56 kistegraver ønskjer vi å omregulere til namna minnelund med ein kapasitet på 150 – 195 urner. Det er eit ønske om å etablere også ein stad på Osnes kyrkjegard der det er mogleg å minnast folk som er gravlagt andre stader ved å kunne legge ned ein blomst og sitje på ein benk.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek å omregulere gravfelt J med 70 kistegraver til eit urnefelt med plass til 140 urnegraver.

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek å omregulere dei 3 siste og ubrukne rader med kistegraver på I- feltet til namna minnelund med ein kapasitet på 150 – 195 urner.

Det skal hentast inn tilbod frå landskapsarkitekter for utforming av namna minnelund før søknaden vil bli sendt til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

HANDSAMING

Ordføraren oppmodar om at det bør utgreiast om det er ei løysing å ta i bruk igjen Vik kyrkjegård som urnelund.

Kyrkjeverje viser til at soknet har slike planer i samband med bygging av ny kyrkje. Området vil trenge både ei vurdering i forhold til kulturminnelovemn og ei bruksendring som også Statsforvalteren skal godkjenne.

Det er viktig at namna minnelund blir ein attraktiv plass å velje på eksisterande kyrkjegard for å opne for

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek å omregulere gravfelt J med 70 kistegraver til eit urnefelt med plass til 140 urnegraver.

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek å omregulere dei 3 siste, ubrukte rader med kistegraver på I- feltet til namna minnelund med ein kapasitet på 150 – 195 urner.
Det skal hentast inn tilbod frå landskapsarkitekter for utforming av namna minnelund før søknaden vil bli sendt til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

S-SAK 2024/18 Konsert og kulturarrangement som inntektskjelde for Ulstein sokn

UTGREIING

Vedlegg: *Oversikt over rekneskapen for dei store konsert- og kulturarrangement i 2022 og 2023*

I årene 2022 og 2023 har det vore 5 store konsert-/ kulturarrangement i regi av Ulstein sokn. Jazz og Koral 2022 og 2023, Julenattiné 2022 og 2023, Kyrkjebakkespelet «Eg spelte på fløyte». 4 av desse gjekk med overskot, eitt med eit mindre overskot. Til saman har desse konsert- og kulturarrangement gitt eit overskot på kr. 80.745.

Den største risikofaktoren for om slike arrangement går med overskot eller underskot er talet på selde billetter. Å nå sitt publikum gjennom marknedsføring, samarbeid med kulturetaten og omtale i lokalavisa, men sjølvstøtt også kvalitet og forventningar til slike konsert er avgjerande for det.

Jazz & Koral og Julenattiné er etablerte konsert som sett Ulstein kyrkje som kulturaktør på kartet. Det er mykje arbeid som ligg bak desse arrangement. Bortsett frå nokre innleigde musikarar til band på Julenattiné er det amatørmusikarar som står for desse konsert.

Ved sida av å skape kulturelle høgdepunkt med god innhald og budskap gjennom konsertane, har konsertane, særskilt julenattiné, dugnadstanken som intensjon, slik at soknet kan bruke overskot til arbeidet sitt eller investeringar som ikkje er dekkja av kommunale eller kyrkjelege tilskot. Det har vore reist spørsmål om denne dugnadstanken framleis er eit viktig aspekt i økonomien til desse arrangement. Er prissetting for billetter riktige? Står honorarnivået i forhold til det å vere ein dugnadskonsert? Kva kan vi gjere for å knyte nye og fleire lokale krefter til ein slik konsert?

Kyrkjeverja har i revidert budsjett lagt inn eit redusert honorar for julenattiné med kr. 30.000, men dette må vedtakast i denne saka først.

Saka bør bli handsama av kyrkjemusikkutval før Soknerådet fattar eit vedtak.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

HANDSAMING

Julenattineen var i starten gratis, det var flott! Billettering kom inn for å regulere etterspørselen. God tanke med å ha ein rimelig konsert.

Konserten varte for lenge dei siste åra. For langt appell. Honorar til musikarane har blitt litt store

Trasig med at billettane er så dyre at det må prioriterast mot andre ting i jula av mange Glad for at saken kjem opp, treng vi så proffe musikarar? Dugnadstanken bør vere sterkare igjen, kanskje litt for profft

Fornyng er viktig, få med «underskogen» av musikalske krefter

Oppmoder kyrkjemusikkutvalet om ei vurdering for fornyng, kan gjerne tenkast nytt om konseptet utan å gi opp ideen.

Målet bør også vere reduserte billettpriser.

VEDTAK

Ulstein sokneråd ber kyrkjemusikalsk utval og administrasjonen om å jobbe vidare med å arrangere konserter som kan gi noko økonomisk overskot, engasjere fleire frivillige krefter og promotere Ulstein kyrkje som konsertlokale også for kjente artister for større kyrjekonsert.

Ulstein sokneråd ber kyrkjemusikalsk utval ta med seg/vurdere innspela frå Ulstein sokneråd til planlegging og fornying av julenattineen:

1. Forny konseptet slik at det appellerer til fleire
2. Involvere fleire lokale musikalske krefter
3. Korte ned lengda på heile konserten
4. Få kostnadene ned slik at ein både kan tilby rimelegare billettar og framleis ha eit godt overskot frå konserten til kyrkjelydsarbeid / fornying av lydanlegg